



Dette er historiske dagar på Ljosnes: Staden har faktisk fått teke i bruk busslommene sine, 3 år etter at uskedalen.no kunne melda om løyving til føremålet. Eigentleg burde det vore feira og kanskje oppsittarane gjer det. Kva med ein skikkeleg Sankthansfest, men då sjølv sagt ikkje i busslomma?

På desse åra har det vorte mange overskriftar om saka, og vi tek med nokre døme på det:

- * Mai 2008: Løyving til busslommar
- * Februar 2009: Busslomme ved Ljosnes snart?
- * Juli 2009: Kva med busslomma?
- * April 2010: Endeleg busslomme ved Ljosnes?
- * August 2010: Kjem busslomma no?
- * Oktober 2010: Endeleg godt nytt om busslomma
- * Februar 2011: Busslommene kjem snart
- * Mars 2011: Busslomma blir klar i mai
- * April 2011: Busslomma kjem ikkje før i juni

Det siste stemte faktisk, lomma kom i juni.

Og no er vel gleda stor hos dei som bur på Ljosnes? uskedalen.no stilte ein ung bussbrukar dette spørsmålet:
 - No brukar dykk vel busslomma og køyrer buss ofte?
 - Nei, no har vi ferie, var svaret.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen